

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

## Informasjon om handsaming av søknad om bingoløyve for 2023 og 2024

Etter bingoforskrifta § 2 andre ledd, kan ei foreining få løyve til omsetnad i hovudspel på inntil kr 700 000 pr. kalenderår. Vidare går det fram at Lotteritilsynet *kan* gje løyve for inntil to (2) år samstundes. Dette har vore praktisert sidan endring i bingoforskrifta januar 2019.

Kultur- og likestillingsdepartementet har kome med framlegg til ny pengespelforskrift, med heimel i lov 18. mars 2022 nr. 12 om pengespel (pengespilloven). Denne forskrifta skal erstatte m.a. gjeldande forskrift om bingo, forskrift til lov om lotterier og forskrift om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m.. Dette er enno ein pågåande regelverksprosess og ein veit enno ikkje endeleg innhald i ny pengespelforskrift.

Ny forskrift har overgangsreglar knytt til både tidsavgrensa løyve, godkjente organisasjonar og autoriserte entreprenørar, jf. § 104.

Lotteritilsynet har på bakgrunn av dette bestemt å gje nye bingoløyve kun for 2023 (eit år). Dette gjeld for dei som i dag har løyve til og med 2022 og som må søkje om nytt løyve for 2023. For dei som allereie har bingoløyve for 2023, blir det ikkje endringar.

Dette gjeld både løyve til å delta på entreprenørbingo, samt tilby radio/tv-bingo og foreiningsbingo.

Med helsing

Henrik Nordal  
avdelingsdirektør, pengespel

Turid Søgner  
seniorrådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt uten signatur.

Liste over mottakarar:  
Bingoentreprenørar  
Foreiningar (med løyve til foreiningsbingo og radio/tv-bingo for 2022)